

Møteprotokoll

Råd: Valle og Hylestad Sokneråd

Dato og tid: 11.03.2025, 15:45

Stad: Valle kyrkjekontor

Saksmappe: V&H2025-18

Til stades: Torstein Bjørgum (Leiar), Toralv Frøysaa Lie (Sekretær), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Frøydis Henriksen Junge (Varamedlem), Olav Brokka (Varamedlem), Torleif B Harstad (Varamedlem)

Forfall: Gudrun Sagneskar (Nestleiar), Arne Tronsen (Medlem), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristian Mosvold (Medlem), Knut Hagen (Andre innkalte)

Protokollfører: Toralv Frøysaa Lie

Eirik Hodnemyr var med i møtet og hadde orientering om enkelte prosjekt knytta til kyrkja og instrument

Sakslista

Faste Saker

013/25 Opning

014/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

015/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

016/25 Leiar i soknerådet orienterar

017/25 Kyrkjevevja orienterer

018/25 Presten orienterer

019/25 Førespurnad

Møtesaker

020/25 FR-sak Rekneskap 2024

021/25 FR - Prioriterte prosjekt i 2025

022/25 SR - Årsmelding Valle og Hylestad Sokneråd 2024

023/25 SR - Soknemøte for Valle og Hylestad sokn 2025

024/25 SR - Kyrkja sitt program i kulturveka 2025

Orienteringssaker

00008 Prissetting av tenester i samband med gravferd og drift av gravplassane vedteke i Valle kommunestyre

00009 Oversikt over kyrkja sine fond pr 31.12.2024

Liv Gunn Viki
Medlem

Kristine Kleiveland
Medlem

013/25 Opning

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	013/25

Vedtak

Teke til orientering

014/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	014/25

Forslag til vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Vedtak

Samrøystes vedteke

015/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	015/25

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Vedtak

Teke til orientering. Samrøystes

016/25 Leiar i soknerådet orienterar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	016/25

Møtebehandling

Det er ønskeleg å ta opp att strategiarbeidet som me var godt igang med for eitt år sidan. Fellesrådet stiller seg bak dette.

Vedtak

Arbeidsutvalet førebur strategisamtale neste møte. Teke til orientering.

017/25 Kyrkjeverja orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	017/25

Møtebehandling

Kyrkjeverja orientera om desse sakene

Konfirmantbasaren 1. mars i Kyrkjestoga, som i år var saman med Bykle, fekk inn netto kr 23.500. Pengane går til Stefanusalliansen sitt arbeid med Stefanusborna i Kairo.

Ein har nå kome igang med påmelding til neste års konfirmantopplegg. Påmelding til aktivitetar på konfirmantleiren konfACTION 20.-24. juni er neste veke.

Hovedansvarleg for konfirmantopplegget i år er prostiprest Kristian Mosvold - han skal ha samtale - og konfirmasjonsgudstenestene dette året.

Stillinga som klokkar og kyrkjetenar står fortsatt vakant. Ein aktuell søker vart kalla inn til intervju, men trakk søknaden sin. Ein har funne ei mellombels løysing med kyrkjetenar under gravferd og tenesta som klokkar og kyrkjetenar blir delt av to personer. Administrasjonen og AU vil følge opp dette med ny utlysing. Ein samtale om friviljug teneste i desse oppgåvene er og aktuelt.

Vedtak

Teke til orientering

018/25 Presten orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	018/25

Møtebehandling

Presten var ikkje til stades på møtet

Vedtak

-

019/25 Førespurnad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	019/25

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Møtebehandling

Ingen hadde saker å ta opp her

Vedtak

.

020/25 FR-sak Rekneskap 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	020/25

Forslag til vedtak

Rekneskapet for 2024 vert vedteke.

Møtebehandling

Til orientering - rekneskapet er ikkje revidert. Etter vedtak i Fellesrådet blir det lagt fram for soknemøte. Eventuelle kommentarer frå revisor blir tatt opp som eigne saker i Fellesrådet seinare.

Vedtak

Det ureviderte rekneskapet for 2024 vart godkjent og vil bli lagt fram for soknemøtet. Eventuelle merknader frå revisor vert eventuelt tatt opp som eiga sak seinare. Samrøystes vedteke.

021/25 FR - Prioriterte prosjekt i 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	021/25

Forslag til vedtak

Administrasjonen går vidare med desse prosjekta.

Møtebehandling

Eirik Hodnemyr orienterer om prosjekt knytta til instrument i kyrkjene. Det er ein del av hans ansvarsområde i stillinga si som organist. Orgelbyggerfirmaet som etter avtale stemmer instrumenta kvart andre år - har sagt seg villig til å sjå på spelebordet, og eventuelt utbetre det denne sommaren.

Fjerning av teppe og sliping av golvet i Valle kyrkje ser ein som eit positivt prosjekt. Ein kan starte med å høyre med riksantikvaren om ein fær lov til dette og sjekke pris. Ein kan sikte på å få det inn som eit prosjekt i 2026. Administrasjonen har sett opp ein avtale med leiar i teknisk avdeling for å sjå på prosjekt på Hylestad kyrkjegard. Det gjeld trefelling og zinkhetter. Treverket ein skal verne må vurderast i forhold til kost nytte. Ny inngangsdør i Hylestad kyrkje - administrasjonen følgjer opp dette i forhold til lovligheit og pris

Vedtak

Fellesrådet ynskjer å gå vidare med utbetring av spelebordet. Dei andre prosjekta blir fulgt opp av administrasjonen og FR blir haldne orientera før ein set det opp som prosjekt. Samrøystes vedteke.

022/25 SR - Årsmelding Valle og Hylestad Sokneråd 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	022/25

Forslag til vedtak

Årsmelding Valle og Hylestad sokneråd 2024 vert vedteke

Møtebehandling

Eit utkast til årsmelding vart lagt fram i møte. Ein drøfta ulike måtar å handtere årsmeldinga slik at ein kunne fatte vedtak om den i tide før soknemøtet.

Vedtak

Utkastet til Årsmelding for Valle og Hylestad sokneråd sendes ut til medlemmer og vara i rådet. Tilbakemelding sendes til alle (svar alle) innan 18. mars. Administrasjonen fletter saman tilbakemeldingane og sender den ut til ny gjennomlesing. Ein sender innkalling til TEAMSmøte for endeleg sakshandsaming og godkjenning måndag 24. mars kl. 16.
Samrøystes vedteke

023/25 SR - Soknemøte for Valle og Hylestad sokn 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	023/25

Forslag til vedtak

Soknemøtet for Valle og Hylestad sokn vert tysdag 8. april kl. 18 i Kyrkjestoga.

Møtebehandling

Det er ynskjeleg å ha ei servering av suppe og kake og kaffebord.

Vedtak

Soknerådet held soknemøte tysdag 8. april i Kyrkjestoga, med servering av suppe og kakebord.
Samrøystes vedteke

024/25 SR - Kyrkja sitt program i kulturveka 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	024/25

Forslag til vedtak

Soknerådet vil stå som arrangør for arrangementet med Eyvind Skeie måndag 13. oktober i kulturveka.

Soknerådet oppretter ein komite som saman med administrasjonen får i oppdrag å avtale tema og førebu opplegget denne dagen.

Vedtak

Soknerådet vil stå som arrangør for arrangementet med Eyvind Skeie måndag 13. oktober i kulturveka.

Soknerådet oppretter ein komite som saman med administrasjonen får i oppdrag å avtale tema og førebu opplegget denne dagen.

Samrøystes vedteke.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	11.03.2025	00008

00008 Prissetting av tenester i samband med gravferd og drift av gravplassane vedteke i Valle kommunestyre

Informasjon

Forslaget frå Valle og Hylestad SR/FR vart samrøystes vedteke i Valle kommunestyre

Informasjon om at prestetenesta for folk ikkje busett i prostiet skal ha betalt kom fram og sendt over til kommunen før vedtak saka var oppe til handsaming. Ein ser at det ikkje er gjennomtenkt hos oss korleis dette vil slå ut i forhold til prissetting av tenester for dei som bur utanfor prostiet. Arbeidsutvalet ser på dette, og legg fram sak i Fellesrådet når det er klart.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	11.03.2025	00009

00009 Oversikt over kyrkja sine fond pr 31.12.2024